

noe om dette punkt. Jeg vet ikke om utenriksministeren har fått forbindelse med Sverige, eller om det er ting der som overhodet ikke kan meddeles videre. Jeg vil imidlertid svært gjerne høre utenriksministerens nærmere redegjørelse nettopp om det punkt, for jeg mener at det er av meget stor viktighet for oss å vite om den samme henvendelse er kommet til begge land.

Statsråd Koht: Eg tok ikkje dette spørsmål med då eg tala her i stad, sidan heile dette spørsmålet måtte bli rekna for å vera bortfalli. Men det er rett, som hr. Wright sa, at Sverige har fått den same førespurnaden frå England og dermed frå dei allierte maktene som vi fekk, og Sverige har like eins som vi har gjort her i Noreg, ikkje svara, og all grunn til å svara er sjølvsagt bortfallen.

Om samanhengen med denne førespurnaden får eg streka under det som eg sa i går kveld om den mistillita som eg hadde i desse spørsmåla til den finske utanriksministeren, og som stortingspresident Hambro like eins ga ord for, da han sa at han var ikkje viss på om dette var ein bona fide-aksjon. Det var ingen bona fide-aksjon. Det var eit desperat tiltak frå den finske utanriksministeren med tanke på dermed å kunna skapa ein plattform for seg sjølv i sitt land, ingen ting anna.

Sundby: Det var bare en ting med hensyn til de forhandlinger som nå vel sannsynligvis kommer til å skje vedrørende forsvarsforbund mellom Finland, Sverige og Norge. Det var jo der uttalt av flere av oss at vi ikke ville ta standpunkt til realiteten. Andre tok standpunkt til realiteten i noen grad. Atter andre sa at man med det svar som var gitt, hadde bundet seg iallfall moralsk. Det jeg ville si nå, var at jeg vil be om at man ved de forhandlinger hverken binder seg moralsk eller hva man vil kalle det, før Stortinget har hatt anledning til også å drøfte realiteten. Jeg mener at hvis landets regjering skulle binde seg på en eller annen måte, naturligvis ikke helt formelt, det kan man jo ikke gjøre uten Stortinget, men binder man seg moralsk sett, da kommer det over grensen av konstitusjonen slik som den er i vårt land. Så jeg må be om, for mitt vedkommende iallfall, at man utviser den ytterste forsiktighet ved de forhandlingene, så man ikke blir bundet hverken på den ene eller den annen måte før man har drøftet dette med Stortinget.

Presidenten: Hr. Mowinckel har hatt ordet to ganger før og får det nu til en kort bemerkning.

Joh. Ludw. Mowinckel: Jeg har ikke fått tid til nøye å gjennomlese referatet av fredsoverenskomsten som den står i bladene, men i radio kl. 8 imorges hørte jeg noe som i grunnen gledet meg sterkt. Det het at det var begge parter forment å inngå forbund eller overenskomst med noen med brodd mot den annen part, og jeg tenkte da straks at dermed stoppes denne tanke om et nordisk forsvarsforbund, som jeg ser i møte med så stor engstelse.

Lykke: Det var i anledning av hr. Sundbys uttalelse jeg bad om ordet. Det er vel klart — jeg er ganske overbevist om at det også er Regjeringens mening — at før man innlater seg på de forhandlinger som man har erklært seg villig til å innlede, så vil Stortinget bli forelagt det grunnlag man har tenkt å forhandle på. Sånn har jeg tenkt meg saken, og jeg er sikker på at her kan Stortinget være trygg for at her vil ikke Stortinget bli engasjert på forhånd.

Debatten var dermed slutt, og protokollen ble lest opp; den foranlediget ingen bemerkning.

Presidenten: Intet forslag er fremsatt, og presidenten anser det for gitt at ingen av de stedfunne debatter blir å offentliggjøre i noen form.

Møtet hevet kl. 10,25.

**Møte for lukkede dører
torsdag den 14 mars 1940 kl. 13,10(?).**

President: C. J. Hambro.

Regjeringens medlemmer og de i forretningsordenens § 54 nevnte funksjonærer ble gitt adgang til møtet.

Likeså fikk ekspedisjonssjef Wilh. Ohlandt og tolldirektør S. Chr. Aamodt adgang til møtet, likeså ekspedisjonssjef Smith og byråsjef Irgens.

Kart nr. 29.

1. Innstilling S. D.: Innstilling fra finans- og tollkomiteen om unnlatelse av å sette i kraft den av Stortinget 14 juni 1939 vedtatte forhøyelse av grunntollen for «Jord etc. B. 10, porselen eller biskuit, ikke annensteds nevnt, underpost b. 2: to- eller flerfarget, forgylt, forsølvet eller dekorert med farge».

Enstemmig vedtatt.

2. Innstilling S. E.: Innstilling fra finans- og tollkomiteen om forhøyelse av det ekstraordinære tillegg til den gjeldende innførselstoll.

Enstemmig vedtatt med den tilføyelse at der i femte linje nedenfra på side 2, under avsnittet II tilføyes ordene «Kork B. a. 1 og 2» mellom «Brennevin 1. og 2.» og ordene «Vin 1. a., 1. b. og 2. a.».

Protokollen opplest og vedtatt.

Møtet hevet.

**Møte for lukkede dører
tirsdag den 2 april 1940 kl. 10.**

President: Magnus Nilssen.

Dagsorden:

1. Utenriksministeren vil gi en redegjørelse.
2. Referat.

Presidenten: Presidenten foreslår møtet holdt for lukkede dører og anser det forslag vedtatt

Presidenten foreslår videre at Regjeringens medlemmer og de i forretningsordenen § 54 nevnte funksjonærer gis adgang til møtet, og videre at utenriksråd Bull, ekspedisjonssjef Smith og byråsjef Irgens fra Utenriksdepartementet og direktør Prebensen fra Forsyningsdepartementet samt representanter for de Oslo-aviser og pressekontorer som innkalles til fortrolige møter i Utenriksdepartementet, gis adgang. — Det anses vedtatt.

Statsråd Koht: Eg skal i dag få gjera greie for dei avtalane — dei mellombels avtalane — som nyleg har komi i stand med Stor-Britannia og Tyskland om handelsvilkåra no i krigstida. Eg gav utførleg opplysning om dei forhandlingane som var ført i dei fyrste krigsmånadene, heilt fram til slutten av året 1939, i stortingsmøte bak stengde dører den 8 januar, det siste møtet i Omframstortinget 1939—40. Og eg skal ikkje ta oppatt det eg den gongen fortalde. Eg skal berre minne om at den norske regjeringa — til liks med regjeringane i dei andre nordiske landa — hadde sett opp frå fyrste stund den grunnsetninga for handelspolitikken sin i krigstida at vi skulle halde oppe det normale varebyttet — utan auke og utan mink, i det minste i all hovudsak — med alle dei landa som var i krig. Og vi hadde fått denne grunnsetninga godkjent i prinsippet av alle desse landa, så forhandlingane kunne bli ført på dette grunnlaget. Men så hende det midt i forhandlingane

at den britiske regjeringa bråsnudde og med ein gong — det var den 16 desember — sa ifrå at no ville ho krevja at vi skulle sperre handelen vår med Tyskland så mykje som berre råd var, og serskilt setja stenge for utførsla for ei rekke av dei viktigaste norske varene. Eg skal ikkje i dag gå inn på grunnane til dette bråkastet i den engelske politikken. Eg vil berre slå fast at det tvinga oss til å ta opp forhandlingane mest heilt ifrå nytt, så det kom til å vara mykje lenger enn det elles ville ha gjort med å få ført dei fram til endskap. For ein endskap nådde vi da til slutt etter mykje strev, og la meg straks seia at denne endskapen vart at den britiske regjeringa etter kvart kom tilbake til det opphavlege utgangspunktet, såleis at avtalen med oss — likså vel som med Sverige — kom til å byggje på grunnsetninga om normalt varebyte. Eg trur at den britiske regjeringa meir og meir skjønnte at kravet om handelssperring til den eine sida var eit urimeleg og umogleg krav, og så gav ho det opp.

Etter det fyrste skriftlege meiningsutbyttet i september vart forhandlingane med Stor-Britannia ført i Oslo frå 20 til 29 november, så i London frå 8 desember 1939 til 15 januar 1940, og til slutt i Oslo frå 26 januar til 22 februar. I London hadde vi ein sterk delegasjon med målsmenner for alle dei viktigaste næringsgreinene som det var spørsmål om, og det var der grunnen vart lagd for avtalen. Siste gongen i Oslo var det meir finpuss i detaljane det galdt om, og da turvte ikkje desse næringsrepresentantene vera med heile tida.

Heile denne forhandlinga var eit ovlag vanskeleg arbeid som kravde ikkje berre rik kunnskap i allslags næringspolitiske spørsmål og rein traktat-teknikk, men dessutan stor forhandlingsevne, både styrke, takt og politisk skjønn, og det er ei glede for meg å kunna gje ombodsmennene våre dei beste lovord for den måten dei førde forhandlinga på. Sjølv sagt gjeld dette serleg formannen for delegasjonen, direktør Prebensen i Forsyningsdepartementet.

Den avtalen som til slutt kom i stand med Stor-Britannia og som endeleg vart underskriven i London den 11 mars, fekk ikkje form i det som ein vanleg kallar avtale, — ein traktat eller ein konvensjon. Det hadde sin serskilde grunn deri at alt som forhandlarane — og etterpå regjeringane — vart einige om, det var ikkje tenkt til å vera ein varig skipnad, og dei avtalane som Noreg hadde med Stor-Britannia frå før, dei står framleis ved lag, berre med dei unnataka som no mellombels vart vedtekne. Den nye avtalen er berre ein krigstid-avtale, bygd på den grunnsetninga at det norske handelssamkvemmet